

HYRDINGEN

NR. 5

OKTOBER

ÅRGANG 52

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Portrett: Karl J. Granberg

Ein samfunnsengasjert
mann er snart 90 år

Side 8-9



Sprell levende

Borna i
sentrum

Side 10

Tidi ho renn som elv mot os,
Fort skifter sumar med vetter.
Fader ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter!
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud
Vara vårt folk frå fjell til flud,
Lær oss å gå dine vegar.
Anders Hovden



”Lyft sigden din og haust inn!
For tida er kommen for å hausta
og grøda er fullmogen.”
Opb. 14,15.



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen på konto: 3243 05 05202
Adr. Rådhuset, 5580 Ølen
Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet, Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedreliid@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15
Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534
sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen
Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571
Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset, Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97
Kontortid: Tor 9-15
Prostiprest/fengselsprest:
Arild Markussen tlf. 53 65 56 16
Forværelse:
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Mandag er prestane sin fridag.

Kyrkjeverja i Vindafjord
Inghart Lasse Tveit, Rådhuset Ølen
Tlf. 53 65 65 43 fa 53 65 65 66

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Anne Marie Reimers
Sandeid: Kari Vik Stuhaug
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Elin Frøyland

Prosten har ordet

ved prost Arne O. Øystese



Jesus, vår von - Når alt blir mørkt

Tekst: Lukas 7,11-17

”Så sa Jesus: Unge mann, eg seier deg:
Stå opp!” (vers 14 b)

Vi er komne langt på hausten; det mørknar ute og verre blir det. For mange er denne årstida ei svært vanskeleg tid – ikkje minst november månad strevar mange med. – For kort tid sidan hadde vi den såkalla ”Haustens påskedag”. Di meir ein kjem til skjels år og alder, ser ein at sanneleg treng vi også på hausten blir minna om sentrale sider ved vår kristne tru.

Det er to flokkar som møter kvarandre; der ved Nain. Ei enkje med den einaste son sin kjem ut frå byen i lag med nære vene og grannar for å gravleggja den einaste sonen sin. Stort meir trist kan det neppe bli. Jesus og læresveinane hans er på veg til Nain.

Då Jesus får sjå dei som kjem imot han og vert klar over kva dette er, syner han straks medkjensle med enkja. - Det er fint. Når vi møter sorg og sakn i eigen familie, vennekrits eller hjå naboor, er det både rett og godt å syna medkjensle – ikkje minst etter at gravferda er over. Då kjem den tyngste tida; ei tid som varer uendeleg lenge for mange. – Men Jesus gjør meir. Han går bort til båra med den døde mannen, og byd han stå opp.

Her er vi ved høgdepunktet i denne sterke forteljinga. På Jesu myndige ord står den døde opp frå båra si, tek til å tala, og er med andre ord sprell levande att. Kva er det som skjer?

Ingen av dei som var vitne til dette, var i tvil: han som var død, vart levande att. Gjennom heile Nytestamentet vårt går der eit sterkt drag: alle teikna Jesus gjorde blant folket. Han gjorde vatn til vin; han metta fem tusen i øydemarka; han vekte døde til live att. Alle desse teikna har menneske til alle tider vore opptekne av, og seier: tenk om dette kunne hendt i dag! Tenk om underret skjedde her og no – ja, då skulle vi ha trudd på Jesus.

Lat oss ta eit bilet frå kvarldagen: du er beden til audiens hjå Kongen i Oslo. Du

kjem til hovudstaden, og ser langs Karl Johans gate ulike skilt som viser vegen til Kongen. Om du då vart ståande ved eit av desse skilta, og ikkje kom lenger – kva hadde det gagna deg? Skiltet er berre eit middel – som viser veg til målet. Vart den staden skiltet stod den plass du vart ståande, og ikkje kom fram til Kongen, ja, då fekk du ikkje mykje med deg.

– Slik er det også med dei skilt som Jesu teikn er – dei syner veg til Kongenes Konge; til Jesus, Frelsaren vår. Alt det Jesus gjorde var med eit bestemt føremål; ei hensikt: at menneske skulle koma til Han, koma til tru på Jesus som vegen, sanninga og livet.

Når haustmørket tek tak ute, og mørket også vil trengja seg inn i oss menneske, skal vi venda augo våre mot trua sin opphavsmann og fullendar, Jesus. Då han døydde på Golgata og stod opp att for vår skuld påskedag, gav han oss del i livet. Difor kan mørket – enten det er ute, eller i oss – aldri overvinna det lyset og det livet som Jesus står for – og raust deler med oss. Sjølv om det haustnar, får vi ved trua på Frelsaren Jesus og syndenes forlatelse for Hans skuld del i ei von og ei framtid som ingen kan ta frå oss.

I Johannesevangeliet er det eit vers eg vert meir og meir glad i. Der seier Jesus det slik: ”Sanneleg, sanneleg, det seier eg dykk: den som høyrer mitt ord og trur på han som sende meg, han har evig liv, og kjem ikkje for domen, men har gått over frå døden til livet” (Johs 5,24).

Som den aller første tok Jesus steget frå død til liv då han stod opp Påskedagen. Vi skal – av nåde ved tru – få følgja han etter! ”Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som som i si store miskunn har etterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristis oppstode frå dei døde!” - Sorg og sakn har vi; ja. Døy skal vi også alle ein gong – inga tvil om det. Men den som lever i lyset og livet frå Jesus Kristus, har gått over frå døden til livet. Betre trøyst kan vi ikkje ha på ein svart og mørk haustkveld.



Av Steinar Skartland

Eg kjenner meg ikkje gammal, likevel har det vore store endringar i samfunnet frå eg var liten. Vi kørde med hest og slede den gongen og grusvegane var därlege. Det vart bygd bedehus og kyrkjer nær der folk budde. Og mange samlast der, både av religiøsitet og fordi lite anna skjedde på landsbygda.

Men tida har endra seg. Det er nok av tilbod som konkurrerer om tida vår. Vi rekk ikkje over alt. Med bil kjem ein seg langt av garde, sjølv om våret er därleg. Så vert det færre som samlast i dei gamle bedehusa og i kyrkjene. Det einaste som aukar er kostnadane med vedlikehald, straum og forsikring. Då er det naturleg å tenkja: -Kan vi samlast i eitt bedehus i kvar bygd, i staden for 2-3 hus, så vert vi fleire. Lovsangen blir fyldigare, og det er lettare å få med andre, også dei unge. Samlar vi kreftene kan vi få til meir i staden for å bruka tida på å samla pengar til forsikring og straum.

Og med ei ny tid kjem nye krav. Universell utforming der handikappa og eldre skal kunna delta saman med yngre, er sjølv sagt. Barne og ungdomsarbeid som er aktivitetsprega. Orkester og band. Dette krev hus med annan utforming enn før.

Men til dei gamle husa høyrer det kjensler. Bestefar var med å bygde. Bestemor var med og strikka til basarane for å få opp dette huset. Det vert ein kamp mellom å stetta kjenslene for dei gamle hus og mellom å tenkja framover kva morgondagen treng. Jo, eg har vore gjennom det. Veit korleis det kjennest. Det var ikkje lett og det er ikkje lett. Men når eg ser kva vi får til når vi samlast om same hus og ikkje set nokre få i kvart, så ser eg: Morgondagen treng hus for framtida. Huset er berre eit verktøy og verktøy må tilpassast arbeidet. Men kvar bygd og kvar generasjon må få finna sine eigne løysingar. Eg har tru på dei unge. Det er dei som er morgondagen og treng rett verktøy.

Nytt menighetshus i Vikedal?

SKAL me selja Bedehusa våre og bygga eit nytt Menighetshus i Vikedal ?

Me har 2 bedehus i Vikedal, men tidene forandrar seg. Dei gamle kristne har falle frå og det er få, om ingen, yngre som ser ut til å interessera seg for aktivitetar på bedehusa våre.

Mo bedehus har dei siste åra berre hatt basar for å få inn pengar til Forsikring og straum. **Vikedal bedehus** i Osen, leiger ut kjellaren til Ungdomsklubben som Soknerådet har ansvar for. Dei nyttar kjellaren og kjøkkenet kvar 14.dag, men møteverksemdu har det vore lite av. Årsaka til det er at møtesalen ligg i 2.etasje og trappa opp er umogleg for dei som nyttar rullator og elles har vanskar med trapper. Bedehuset vert uteleid til konfirmasjonar, men gravferder, som samlar eldre folk, kan ikkje nyitta huset p.g.a. trapper og kjøkkenet som ligg i kjellaren. **Årsaka** til at denne tanken om nytt Menighetshus kom opp, var "helse-tilstanden" for bedehuset i Osen. Der er lekkasje i taket, så det trengst nytt tak og nye vindauge i møtesalen. Skulle me heller bruka pengar på eit meir tenleg hus?

Me har bruk for eit forsamlingshus i samband med kyrkja. Dette har vore

oppe i Soknerådet. Sidan konfirmanthane ikkje kan ha undervisninga i skuletida lenger, så treng dei ein stad til sine samlingar. Alle døypete skal få tilbod om trusoplæring, sidan Kristendomsundervisninga er teken ut av skulen. Dette treng også eit lokale. Ungdomsklubben vil sjølv sagt også ha sine aktivitetar og samlingar i det nye Menighetshuset, om det vert ein realitet. Soknepresten meiner at det ville vera naturleg at eit eventuelt nytt Menighetshus også hadde kontorpllass for prest, organist og andre kyrkjeleg tilsette.

Me har ingen kapital å setja inn i dette bygget, så difor vil me høyra kva Bygdefolket i Dalen, i Fjellgardane og i Osen seier til at me sel desse to bedehusa våre og nyttar dei pengane til startkapital for eit nytt Menighetshus.

Me har fått lovnad om tomt hjå Knut Stølsmark, like ved kyrkja.

Soknerådet er takksame for tilbakemelding. (Me tek sikte på eit Soknemøte om saka, i januar 2011.)

Vikedal Sokneråd v/Anne Marie Reimers (leiar)

Kva med bedehusa i Vikedal - Har dei ei framtid i si nåverande "form"?

Styret for Mo Bedehus vil kalla inn til allmannamøte for "Midtbygdens samlingskrins" der me samtalar omkring dette spørsmålet ut frå følgjande: Begge husa treng betydelege investeringar til nødvendig vedlikehald om dei framleis skal tena føremålet. Skal me gå saman, eventuelt vera med og planlegge eit nybygg i nærlieken av kyrkja? Dette bygget vil då kunne vere både bedehus og kyrkjelydshus for heile Vikedal. Alle i Mo og Fjellgardane er velkomne til å seia si meining om dette på **Mo Bedehus tysdag 2. november kl 19.30.**

Styret for Mo Bedehus



Medarbeidarsamling i Skjold kyrkje

10. september inviterte Skjold sokneråd til inspirasjonskveld for gode medarbeidrarar i kyrkjelyden. Invitasjonen hadde gått til over hundre, noko som viser at mange er aktive i kyrkjelyden i Skjold. Prest og organist Ola Ohm var invitert som foredragshaldar. Fokus for samlinga dreia seg om trusopplæringa i kyrkjelyden.

Tru på heimebane

Ola Ohm tok utgangspunkt i Luther si preike om ekteskapet i 1522: "Utan tvil er mor og far apostlar og prestar for borna sine," sa Luther for snart 500 år sidan. Ohm viste så til ei generasjonsundersøkning frå USA som m.a. sa fylgjande: I mellomkrigstida var om lag 65% av foreldra bibeltruande, i etterkrigsgenerasjonen var prosentdelen bibeltruande gått ned til 35%. "Busters", (foreldregenerasjonen 1965 –83), var foreldra der dei

fleste var utan pengesorger og som prioriterte venskap framfor familie. Blant dei var 16% bibeltruande.

"Tusenårsbarngenerasjonen" som er generasjonen som er splitta når det gjeld verdiar og som er dyktige på PC og tekniske dupedittar, har kun 4% bibeltruande.

Dette stilte Ola Ohm opp mot ein uttale til dr. P. Benson: "Slik det går med familien, går det og med kyrkja si framtid. Truslivet i heimen har meir å seia enn kyrkja."

Modellering av truslivet

Foreldra er dei som er viktigast for at trusarven skal gå vidare til neste generasjon. Forsking seier vidare at den aller viktigaste, er mor.

Til slutt drøfta Ola Ohm utfordringa som gjeld vidareføring av kristnarven til komande generasjonar. Korleis gjera

heimane til ein stad der borna arvar trua? Her nemnde presten og organisten m.a. fylgjande råd: foreldra lever ut truslivet, samtale med borna, musikk, bibellesing/andaktstunder.

I dag er presset på heimane større. Tida mor/far er saman med borna sine er mindre. Men mange i dag søker på ny det åndelege.

- Og så får kyrkja vera staden der foreldra saman med borna kan søkja fellesskap og åndeleg påfyll-

Ein inspirerande kveld

Kvelden var til inspirasjon og glede for alle. Mykje song og musikk, quiz, utloddning og god mat gjorde godt. Ein kveld til ettertanke, og inspirasjon.

GL



Ola Ohm kåserte for ei lydhør forsamlung



Odd Gjerde



Leiv Tindeland m/flere

Dugnad på Bjoa kyrkje

Siden mars 2009 har det vært utført et omfattende dugnadsarbeid på Bjoa Kyrkje. Det har vært god oppslutning blant bygdefolket, og resultatet har blitt veldig bra. Kirken står i dag fram som pen og velholdt.

Første dugnad var 20. mars 2009. Siden har det vært regelmessige dugnader fra november 2009 til i dag. Til sammen har det vært over 30 personer med fra bygda, og det har vært lagt ned mer enn 300 timer. I tillegg til dette, har flere privatpersoner og bedrifter gitt gaver til Bjoa Kyrkje; til sammen kr. 32 000.

Kommunen har bevilget penger til re-

parasjon av klokketårn og tårnfot, som hadde omfattende råteskader.

Selv om soknerådet ikke vil trekke fram enkeltpersoner, for dermed å stå i fare for å glemme noen, må vi allikevel få lov å nevne ett navn.

Leiv Tindeland har vært primus motor i dugnadsarbeidet på Bjoa Kyrkje. Han har gjort mange av jobbene, og har stått som byggeleder for reparasjonen av klokketårnet. Hans glødende engasjement har motivert andre til å bli med å ta et tak. På vegne av Bjoa Sokn, vil soknerådet gi en varm takk til Leiv og Tindeland og hans kone!

Hva er det da som er blitt gjort på dugnadene?

- Rydding ute og inn
- Opprusting av parkeringsplass
- Beskjæring, beplantning og stell på kirkegård
- Vedlikehold av bauta og portøyler
- Rensing av tak og takrenner
- Vask og maling av sakresti, kontor og gang
- Skraping, vask og maling av bordkledning
- Tetting av klokketårn med netting, så ikke fuglene får bygge reir
- Kitting og maling av vinduerne
- Reparasjon og maling av hoveddør og bakdør
- Utvask av kirke og tårn etter restaureringsarbeidet

Soknerådet er imponert over innsatsen og givergleden. Uten dette, hadde kirken vår vært i en adskillig dårligere forfatning enn det den er i dag, med de problemene det ville medført på sikt.
Hjertlig takk til alle som har bidratt!

*På vegne av Bjoa Sokneråd:
Ann Elizabeth Fremming*

Vi har fått fleire spørsmål om korleis folk kan gje penger til kyrkja. Vi har fleire dugnadsprosjekt på gang, og ei gavé til kyrkja kan gjerast over bankkonto nr. 3240.18.22738, merka prosjekt nr. 171.

Trond Ove Alvseike, soknerådsleiar.



Soknerådet på Bjoa. Frå venstre; Kåre Frøland, Nils Reimers, Elin Gjerde, Solveig Alvseike, Ann Elizabeth Fremming, Trond Ove Alvseike. Brit Tveit var ikkje til stades då bildet vart teke.

G-17

G-17 står for ”Gudsteneste kl. 17.00”. Dette er eit opplegg Skjold kyrkjelyd brukar 4 gonger i halvåret, og mange personar er aktive i løpet av gudstenesta.



G-17 samlar både unge og eldre.



Svein Ragnar Tjora -studiekamerat og misjonærkollega til Martin Ivar - heldt talen over teksten for dagen. Det var misjonssøndag, og han var utsending frå Det Norske Misjonsselskap. På ein fin og engasjerande måte fekk Tjora peika på dei viktigeorda frå Jesu munn: ”Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar...”

Preika vart runda av med sluttsekvensen av filmen ”Schindlers liste”, og replikken: ”... men eg kunne ha redda fleire!” - hang igjen i tilhøyrarane sine tankar.

Etter at kyrkjelyden hadde fått med seg velsigninga, samla dei seg i ”stova” til kveldsmat.

G-17 er ei anna slags gudsteneste, - mange blir aktiviserte, og det gjer noko med ein! Om du ikkje høyrer til Skjold sokn, ta likevel gjerne turen dit til neste G-17 og opplev ei spesiell gudsteneste.



Sokneprest Sigrunn H. Arnesen er her liturg .



Martin Ivar Arnesen med ”Kristuskranse” som har vore tema for talane. Denne gongen var det ei raud perle, kjærleiksperla - ”Offerperla”- som stod for tur. Det handlar om vår kjærleik til medmenneska, og passa godt til teksten for dagen.



Her syng ei gruppe frå ”Feedback” leia av Kari Synnøve Velde Haugen.



Kvar gong det er gudsteneste i Skjold, er det og søndagsskule i kyrkje-kjellaren. Alle krinsane i Skjold er med på dette opplegget, og dermed er det fleire leiarar som deler på ansvaret. Her syng dei før dei går ut.



Teksten kjem på veggen, og orkester og forsongarar leier songen.

Frå venstre: Kjetil Ohm, Solrunn Byrkja, Alf Helge Stendal, Malin E. Krakk, Reinert Hystad, Jan Åge Brekke, Ingrid Tveit, Lill Inger Velde.

Det veksler litt med kven som er med i orkesteret og som forsongarar. – (Dei ynskjer nye medlemer i band og songgruppa velkomne!)

Foto: Jens Magnar Tveit / Tekst: Jens Tveit

Kyrkjelydskveld i Vikedal med Hans Olav Tunsgesvik

Torsdag 28. okt. kl. 19 inviterer soknerådet i Vikedal til kyrkjelydskveld på Vikedal bygdehus. Soknerådet har fått lovnad på Hans Olav Tunsgesvik til å tala over temaet: ”Å ta vare på kvarandre”.

Tunsgesvik vil vera kjend for dei fleste som ein folkeleg fagmann innan psykisk helse. Han har såleis hatt fleire framståande stillingar innan fagfeltet sitt, m.a. som fylkespsykiater, sjefslege ved Modum Bads Nervesanatorium og leiar for Frihamn psykiatriske senter i Skånevik. Han har også vore stortingsrepresentant og har hatt ei rekke verv innan organisasjonslivet, m.a. som leiar i Noregs Mållag.

Gjennom foredrag, bøker og som ”radiolege” har han nådd ikkje berre pasientane sine, men folk flest med praktisk hjelpe til å møta livet sitt på ein god måte. Sentrale tema har vore korleis me kan leva med stress og påkjenningar, utan at det tek knekken på oss, men kan verta ei kjelde til vekst. Vidare kva det me har med oss hei-

manfrå, ikkje minst frå foreldra våre, gjer med oss, og korleis me kan bruka det på ein god måte. Etter at han sjølv vart råka av kreft, har han delt med mange sine personlege og faglege refleksjonar over å leva med alvorleg sjukdom. Som senior har han også gjeve særleg merksemd til dei gledene og utfordringane som denne livsfasen fører med seg.

På kyrkjelydskvelden set han fokus på eit omsorgsemne, noko han også har vore oppteken av før, - ikkje minst i boka si ”Meir varme til kvarandre”.

Det er såleis ein solid fagmann og ein god formidlar som møter oss denne kvelden. Utvilsamt har han noko å gje til folk flest, same kva livssituasjon og livsfase ein måtte vera i.

I tillegg til å høyra Tunsgesvik sin tale, vert det kveldsmat, samt høve til spørsmål og samtale i samband med temaet. Med forventning og glede ser me fram til møtet



med Hans Olav Tunsgesvik og med kvarandre. Alle er hjarteleg velkomne!
Inngang kr. 100,-

Harald Eintveit

Portrett: Karl J. Granberg

Ein samfunnsengasjert mann er snart 90 år



Han måtte møte opp og ta imot noko betong på Skrubbasteinen skule så me måtte utsetje det avtalte intervjuet eit par timer. Me skulle møte Karl J. Granberg. Den aktive bygdemannen har mange jern i elden. Eitt av dei er å følgje opp med dugnad på den gamle Ølen barnehage som Sogelaget no disponerer.

Me møter han i huset på Frønsdal i Ølensvåg der han no bur åleine. Kona Ambjørg doydde i fjor.

– Eg har ti sengeplassar i huset, men no treng eg bare mi eiga, seier han, og me kan ane sorg og sakn bak orda.

Mange vil nok undre seg over at den spreke mannen fyller 90 år den 24. november. Men slik er det, og familie og venner skal feire dagen på Kyrkjetur i Ølen i slutten av oktober. Då blir dei benka under det store måleriet som farfar hans måla og som Karl fekk henta frå Sverige som gav til Kyrkjetur i 1900. Biletet er heile 4,3 x 3,3 meter stort, og viser Jesus som talar til folket frå ein båt.

Når Karl kjem i gong med å fortelje, har han mykje på hjarta. Mykje husker

han, og stadig går han til bokhylla for å finne meir stoff om sakana. Me ser at han er levande interessert i historia og utviklinga på mange område han har vore engasjert i. Til dømes kjem han fram med ei teikning han laga til ny skule på Bjoa rundt 1960. Sjølv om bygget vart noko annleis, var det han som starta prosessen.

FAR KOM FRÅ SVERIGE – MOR FRÅ ØLENSVÅG

Far til Karl vart fødd i Sverige i 1883 og fekk namnet Karl Oskar. Han var son av malermeister Karl Johan som etter kvart tok utdanning innan kunst og handverk. Han vart ein habil kunstmålar. Me spør korleis faren kom til å busette seg i Ølensvåg og stifte familie her.

- Det har seg slik, fortel Karl. Far gjekk lens for malarmateriell i Sverige og tok ut på reis. Han kom til Noreg og Haugesund. Her kjende han ingen. Ein dag sa han til seg sjølve: ”Første dame eg møter på neste hushjørne, skal eg bli kjent med”. Underleg nok vart det Anne Martha Viland (f. 1880) frå Ølensvåg. Dei to vart kjende og gifte seg i 1920. Då bu-

sette seg på Viland og fekk borna Karl i 1920 og Paul to år seinare.

Far var i USA i fleire år, men mor kjøpte seg symaskin for 75 kroner og gjorde det godt som skreddar. Sparepengane sette ho i Ølen Sparebank der dei stod trygt då bankar i Haugesund gjekk konkurs på den tida. Seinare kjøpte mor garden på Frønsdal. Kanskje Karl fekk med seg ein arv som forretningsmann frå mor si?

SKOLE OG UTDANNING

Karl fortel at han gjekk 7 år på folkeskulen i Ølensvåg, 3 dagar i veka. Det var ein god skule. Dei var glad i lærar Mathias Bakke og hadde stor respekt for han. Karl kom ut av skulen med mange S’ar. Men han fekk prøve litt av det å vere annleis. Han fekk fine klede frå USA. Han skilde seg ut, og i dag vil me seie at han vart mobba. Men han bare ler det vakk då me spør om det har plaga han seinare.

Under krigen tok han NKS-kurs i handelsfag. Ei tid satsa han på ei framtid som bonde og tok utdanning på Stend landbrukskule. Han var og innom faga

kjemi, landmåling og nivellering. Det førde han også inn i eit engasjement som lærar på skulen.

GIFTEMÅL OG FAMILIE

Karl møtte ho som seinare vart kona hans, i Ølensvåg. Ambjørg var frå Ål i Hallingdal, men kom syklande på besøk på nabogarden i Ølensvåg. Slik vart dei kjende, og dei gifte seg i 1952. Dei fekk 5 barn, tre gutter og to jenter. Yngsteguten, Herman, døydde av sjukdom berre 12 år gammal. Olav driv no garveriet. Karl Oskar er preparant og driv med utstopping av dyr i Ølensvåg. Begge døtrene har flytt frå bygda. Anne Martha er busett i Frogner litt nord for Oslo. Ho er psykiatrisk sjukepleier. Guri er lærar og bur i Bærum.

Det var tungt for Karl då Ambjørg døydde i 2009 etter om lag 57 års samliv.



GARVAR

Dei fleste veit at Karl starta garveri i Ølensvåg.

- Korleis kom du på dette, Karl?

- Då eg var 12 år såg eg døme på flott skinn frå USA hos ein kamerat. Då tenkte eg at det vil eg lære meir om. Seinare var eg 4 år på garveri på Osterøy der eg tok fagbrev som garvar. Etter krigen fekk bror min og eg leige lokale på Innbjøa. Me kjøpte ein brukta maskin frå Grimstad og sette i gong. Me hadde og ei avdeling der me produserte hanskars. Industrien på Stord var ein god marknad.

Etter kvart bygde han opp eit moderne garveri i Ølensvåg. No har sonen teke over, og bedrifta har nyleg sett opp eit stort nybygg. Granberg Garveri ekspanderar, mens dei fleste andre garveri i landet er lagde ned.

KYRKJE OG KRISTENLIV

Mor til Karl var ei aktiv kristen dame, og Karl vart tatt med i kyrkje og bedehus. Han har hatt ei kristen vedkjenning gjennom livet. Når me spør kva trua har betytt for han, får me ikkje dei store og mange orda, men dei formidlar tryggleik i trua.

- Når eg skulle ut på salsturné, gjekk eg inn i soverommet, bøygde kne ved senga og ba Gud signe turen. Eg visste og at kona mi gjorde det same.

Då Karl budde på Bjoa, var han klokkar i kyrkja i 10 år. Han var og formann i soknerådet i 8 år. I denne tida fekk han vere med på restaurering av kyrkja. Karl var sentral både med å samle inn om lag 16.000 kroner til orgel og i samband med sjølve kjøpet. Han humrar litt over dette

då han ikkje hadde peiling på det musikalske. Kyrkja fekk nye benkar. Karl var seinare formann i Ølen sokneråd i 2 periodar. Også her fekk han medansvar for restaurering av kyrkja i samband med 100-årsjubileet i 1974.

STERKT SAMFUNNSENGASJEMENT

Karl har engasjert seg på mange felt i samfunnet. Eit oversyn over kor mange år han har vore med i dei ulike styrer summerer seg til minst 152 år! Han har vore aktivt med i lokalpolitikken i Ølen og vore i skulestyre, sosialstyre, edrugsnemnda og kommunestyre, det meste av tida for Krf. På 1970-talet vart han aktiv medlem i Nei til EU. Noko av grunngjevinga for at han ikkje ønskjer eit slikt overnasjonalt organ, finn han i Bibelen. Han siterer frå skrifta om at Gud sette grenser for kvart land.

Karl har og vore medlem i MA (Motorførerens avholdsforbund), og det er han enno. Han var ei tid formann for lokallaget i Ølen og Sandeid. Det har blitt mange mil han har køyrt bil både i arbeid og fritid. No i sommar var han igjen på tur med bubilen sin til Telemark. Det er den 3. bubilen han har farta rundt med. Det er kanskje typisk for Karl at då han og turkameraten Endre Heggen var på ferietur i Trøndelag, ringde dei til Per Borten som då var pensjonist, og ba om å få kome innom på besøk. Dei vart godt

tatt imot og hadde eit hyggeleg møte med den tidlegare stortingsmannen og statsministeren.

Det må og nemnast at Karl har hatt eit sterkt engasjement mot abortlova. Han blir alvorleg når han snakkar om dei mange tusen fostre som har mist livet som følgje av vår liberale abortlovsgjeving. Han minner om kva landet vårt har tapt av arbeidskraft og ressursar sidan desse barna ikkje har fått leve.

Det viser noko av breidda i engasjementet når me og tar med at han har vore med i Vikestølsstyret i 40 år, delvis som styreleiar.

I tillegg til Ølen og Bjoa Sogelag er Karl no aktiv i gruppa som kallar seg "Folkets røst". Han tok initiativ til å samle eldre menneske som har vore med i styre og stell til månadlege møte der dei drøfter aktuelle saker innan politikk og samfunn. Me kan lese innlegg frå gruppa i lokalavisa med spørsmål til ordføraren og kommentarar til politiske spørsmål. Forumet er eit levande bevis på at det ikkje er nokon vanleg pensjonsalder for å engasjere seg til beste for lokalmiljøet.

GRATULERAR!

Hyrdingen takkar Karl for praten og nyttar høve til å gratulere med 90-årsdagen den 24. november.

Arne Borgemyr.



Sprell levande gudsteneste

Av Steinar Skartland

Det er fokus på fornying i kyrkja både innan liturgi og musikkval. Dette vert prøvd ut i ulike former i kyrkjelydane våre. I Vikebygd laga Kateketen til ei Sprell levande Gudsteneste søndag 3. oktober.

125 store og små møtte til ei flott gudsteneste som tok til med at borna toga inn etter krossen, som vart boren av ein konfirmant. Borna bar inn litt av hausten si grøda og pynta framme i kyrkje. Eit kor av borna i Laurdagsklubben song så flott.

Tale og tekstlesing var bytt ut med framføring om "krukka til kvinne i Septa". Den som vart velsigna av profeten Elia og aldri vart tom. Brit Nelly Tveit, Britt Karstensen og Kjersti H. Bjerga hadde ulike rollar som dei spela overbevisande medan borna sat samla på golvet framme. Ei kvinne i Gudstenesta

(Britt Nelly) kom inn i starten. Ho var svolten og kjende seg så tom. Kateketen avslutta framføringa av denne bibelforteljinga med å samanlikna dette med oss menneske. Vi treng meir enn mat. Gud vil fylla oss med sin kjærleik, og saman skal vi få dela kjærleiken med kvarandre og slik fylla krukka (kvar andre) med gode kjensler. Ho oppfordra oss alle til å gje kvarandre ein klem og omsorg.

Det vart verkeleg ei Sprell Levande Gudsteneste, der forbøn og ofring var integrert med kyrkjevandring med ulike "stasjonar." Ein stasjon var offerkorga, ein annen stad kunne vi tenna eit ljós, som så konfirmantane sette inn i eit lysande hjarta. Dei som ville kunne koma bort til døypefonten og få teikna ein kross av vatn i handa si og få velsigning, eller skriva eit hemmeleg bøneemne på ein lapp og leggja i ei krukka. Denne vart beden for i forbøna utan at nokon annan enn Gud las kva som stod på lapp-

pen. Bak i kyrkja kunne borna få teikna.

12 av 4-åringane i bygda fekk oppleva å få sin eigen bibel. Det var spennande, og vi vonar at mange voksne nå tek seg tid til å lesa med borna frå denne flotte barnebibelen.

Gudstenesta, der det var mange gode barnesongar som Arne Tveit spela til, vart avslutta med kyrkjekaffi. Her kunne folket ta seg tid til å snakka saman og få kaffi, saft og kaker i midtgongen.

Flott at så mange tok turen til kyrkja denne dagen då vinden ulte om hushjørna og piska regndropane mot vindauge. Fire-åringane hadde alt fått vore der dagen før. Då var det undringstur i kyrkja, både opp i tårnet og til alteret. Og så fekk dei høyra kyrkjeorgelet spela. Dei kjende seg heime i kyrkja alt, og vi takkar Kateket Brit Karstensen og alle deltagarar for ei flott opplagd gudsteneste.





Kl. 16 begynte konserten og hallen var full av folk! SEVEN jentene var der, koret var med å syne, Elisabeth i søndagsskolen var der – og Gulliver var der!

I vegkanten stod Gulliver og vinka alle velkommen.

-Dette er den beste dagen i heile mitt liv, sa ei jente etter å ha vore med på supersøndag med Søndagsskulen. Og 5. september vart verkeleg ein super-søndag! Vêret var fantastisk – og folk strøymde til. Over 1000 born og vaksne var innom i løpet av dagen!

På Stemnestaden kunne borna velje mellom over 20 ulike aktivitetar. Kajakkane var flittig i bruk, i fiskedammen fekk alle napp, klæretauet var akkurat passe vanskeleg, karamellkastaren spydde ut karamellar, og elles var det både ansiktsmaling, snikkarverkstad, sandkasseleiker, ballongar og slippepinnekast, og enda meir til.

Søndagsskulular frå fleire av bygdene i Vindafjord var med på dette som vart ein fantastisk markering og feiring av søndagskulearbeidet vårt. Ein kan vel seia at søndagsskulen er eit av dei viktigaste delane av trusopplæringstilbodet som finnes i kyrkjelydane. Både der det er organisasjonar, bedehuset, frivillige eller kyrkja som står for arbeidet. Her får born frå 4 år og opp til tenåra høyra om Jesus. Dei får del i vår tradisjonsrike tru og kunnskap om kva Bibelen seier.

Søndagsskulekrinsen har eigen tilsett søndagsskulekonsulent, Elisabeth Fauskanger. Ei av oppgåvene hennar er å inspirera og støtta lokale søndagsskuleleiarar. Nyleg vart det arrangert inspirasjonskveld for leiarane på bedehuset i Ølensvåg. Her møtte både erfarte søndagsskulelærarar og unge hjelpeleiarar som har teke steget vidare frå deltakar til å vera med å leia arbeidet. Vi må få retta ein stor takk til alle dei som

står på og oppfordra dei bygdene som ikkje har søndagsskule, til å vurdera å starta opp. Dette er eit viktig arbeid og vi må takka alle dei som brukar fritida si til å bera bodskapen vidare til nye generasjonar i Vindafjord, slik Jesus sa:

- Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet å Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. (Matt. 28, 19-20)

Les meir om Super-Søndagen på:
<http://home.online.no/~karmssk/>



Lys Våken - adventsnatt 2010, 27.-28.november er eit nasjonalt tiltak, som inviterar 11-åringar over heile landet til å være med å overnatta i kyrkja si. Trusopplæringsreformen, Størst av alt, vil med dette markera to ting: for det første er det kyrkjas nyttårsafta, for det andre går nå trusopplæringsreformen frå å vera i ein forsøks- og utviklingsfase, til å bli ein landsdekkande reform som kjem til å romma alle kyrkjene i landet.

Lys Våken er lagt opp slik at dei lokale kyrkjelydane kan laga sin variant, som passar for dei. Alle kyrkjelydane får ein programpakke, der leikar, songar, aktivitetar og forslag til innhald ligg. Namnet Lys Våken betyr ikkje nødvendigvis at deltakarane skal være lys vakne heile natta, men det handlar om å vera lys vaken overfor det som skjer i oss og rundt oss. Det handlar om å være lys vaken overfor Gud, kvarandre og oss sjølv.

Å sove over i kyrkja er ein heilt spesiell oppleveling Fleire av sokneråda i Vindafjord arrangerer Lys Våken natt. I Skjold og Vats vil dei som er 10 år dette året bli invitert. Då samlast ein på laurdagen i kveldinga, blir kjent med kvarandre og med kyrkjerommet, har ulike aktivitetar, kosar seg og et god mat. Ein vil og øva på noko til lysmessene i adventstida. Etter ei god natts søvn blir det frukost og ei samling i kyrkjerommet før ein går heim. I Ølen førebuar ein gudstenesta til dagen etter og avsluttar Lys Vaken med denne gudstenesta der 10-åringane får Bibelen. Tilsvarande arrangement blir det m.a. i Imsland, Vkebygd og Sandeid. På Bjoa har dei overnatting for 5-6-7 åringane i adventstida.

Lys Våken har og ein eigen song som kan lastast ned gratis frå heimesidene til Lys Vaken. (www.lysvaken.org)

Gullkonfirmantar

Sandeid



Frå venstre: Thor Rødne, Arne Karl Apeland, Kåre Vestbø, Gerd Irene Olsen f. Moland, Johan Herlof Skeie, Kari Sofie Sjøthun f. Vestbø, Tor Bjarne Stople, Harald Magne Stople, Jakob Solberg.

Ikkje tilstades: Leiv Magne Kambe, Knut Einar Frøyland, Bernhard Kristensen, Torleif Asbjørn Berg, Gerd Marie Østbø, Bjørg Irene Hustveit, Anne Karin Gimre, Anne Marit Årak.

Døde: Torstein Vetrhus, Olaug Vestbø.

Vikedal



Frå venstre: Leif Henry Espenvoll, Odd Baustad, Gunnar Høiekvam, Helene Grimås f. Vetrhus, Marit Åse f. Mo, Trygve Nybru, Kari Johanne Tindeland f. Årekol, Åge Torstein Østebø, Solveig Iilstad f. Vikedal, Verner Ørnes, Berit Skeie f. Bakkedal, Jan Arve Ness, Liv Solberg f. Andreassen.

Ikkje tilstades: Asbjørn Sjødin, Per J. Blikra, John Magnus Krøvel, Lars Helland, Kari-Anne Wåge, Åse Folkvord, Else Liv Flydal.

Døde: Per Kjell Fatland, Atle Rune Austerheim

Vikebygd



Johannes Nedrelid intervjuar jubilantane: Anne Lise (Erdal) Auestad; Else Karin (Egge) Amundsen og Sigrid Helene (Svendsbøe) Leifsen.

Dei som ikkje kunne møta var: Leif Edvard Owe, Sigmund Årvik, Berit Karin Svåsand, Gunn Oddbjørg Skartland Scheen, Svanhild Eikesdal.

Desse er avlidne: Herman Martin Dommersnes, Nils Magnus Gjerde, Paul Arvid Günter og Solfrid Pauline Årvik.


Imsland



Frå venstre: Liv Imsland f. Rørtveit, Magne Øvregård, Ingrid Marvik f. Imsland, Kåre Rørtveit, Torhild Finnvik f. Aksland, Sigurd Hauge, Marit Gundersen f. Haugland, Egil Døske, Karin Imsland, Karstein Hustveit, Tordis Revheim f. Balle, Håkon Hustveit, Magnhild Indreland f. Åslund.

Ikkje tilstades: Håkon Våga, Halvard Kvaløy, Marit Haldis Andreassen f.. Hustveit, Liv Torunn Andersen f. Hustveit.

Orgelet i Skjold kyrkje er snart ferdig



Den danske orgelbyggjaren har starta montering av orgelet i bedrifta sin orgelsal.

Ersland bedehus 50 år

Laurdag 30. oktober vert det jubileumsfest på Ersland bedehus. Bedehuset vart vigsla for 50 år sidan, den 20. november 1960. Men lenge før den tid var det misjonsmøte og samlingar på det gamle skulehuset på Ersland, og tankane om eit bedehus for kretsen kom fram alt i 1919 då læraren i bygda, Olaf Heggebø, gav ei gåve på 50 kr, og omrent samtidig fekk kretsen lovnad på 2 mål tomt. At det skulle gå vel 40 år før bedehuset stod der, er og ei side av bedehuset si soge.

Til jubileumsfesten står det ferdig tilbygg for nytt kjøkken, og det vert såleis innviing av dette saman med jubileumet. Det har vore eit omfattande arbeid for kretsen å få ferdig dette tilbygget, og det er lagt ned hundrevis av dugnadstimar, og det er samla inn store pengegåver. Det vert såleis ei stor markering denne laurdagen, og styret for bedehuset og byggekomiteen for tilbygget ønskjer alle velkomne.

Trygve Sandvik

Øvre Vats bedehus 50 år

Den 4. desember 1960 vart Øvre Vats bedehus innvia av sokneprest Kaare Time. Huset er altså 50 år gammalt. Dette skal feirast laurdag 4. desember. Det blir eit familiearrangement kl. 12 - 15. Då blir det m.a. juleverkstad, og barnekoret Miniklang skal vera med. Om kvelden kl 19.00 blir det fest. KM-karane frå Etne har lova å koma. Prost Arne Øystese skal tala, og Peder Lundegård skal visa bilet. Det blir god mat. Set av dagen og bli med på feiringa!

Me har og ei etterlysing: Er det nokon som har bilete frå bygginga eller innviinga av bedehuset? Det hadde vore kjekt å kunna vist dei på festen. Kanskje nokon har noko å fortelja? Ta kontakt med Olav Velde.

Olav Velde

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLVGS
LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLVGS
LUNDENESET VGS

Knapphus BIL AS

5576 Øvre Vats
Tlf. 52 76 73 10


Knapphus BILVERKSTED

5576 Øvre Vats
Telefon: 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-Bank

Avd.: Ølen Avd: Vats Telefon 02002

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

Se også vår hjemmeside:
www.skattkjær.no

Skattkjær Skiferindustri as

Årabrotsvn. 21, Kvala
Tlf. 52 70 42 90

ÅPNINGSTIDER:
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30.
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt

Temasamlingar i Vats kyrkjelyd

“Min plass og teneste”

John Birger Wold og Jo Kjetil Løsnesløkken frå Normisjon vil leia oss gjennom seks temasamlingar og seks gruppесamlinga frå oktober 2010 til april 2011. Samlingane vert på Kårhus bedehus frå kl 19.30 - 22.00.

- 21. okt: Tema: Livsnære grupper
- 18. nov: Tema: Korleis be for og med kvarandre
- 13. jan: Tema: Korleis få den enkelte til å veksa
- 10. feb: Tema: Kven er eg - og kva er mi teneste
- 17. mars: Tema: Nådegåver
- 07. april: Tema: Korleis gjera Guds hjartesak til vår

På samlingane vil det vera rom for å gå i grupper og drøfta tema for kvelden. Ein kan også nytte dette vidare i smågrupper mellom kvar temasamling. På kvar samling vil det bli kaffi, te og litt å bita i. Samlingane er opne for alle.

Arr: Vats sokneråd

Vikebygd bedehus

- 14. okt. kl 19.30 Gladsong
- 21. okt. kl 19.30 D.I. Sjøm.misjon G. Kallevåg
- 27. okt. kl 19.30 Innsmling av kler til Ukraina
- 28. okt. kl 19.30 Møte Open Hart, Ukraina
- 2. nov. kl 19.30 Medarb.fest for kyrkja / bedehuset
- 6. nov. kl 12.00 Grautsal
- 18. nov. kl 19.30 Møte, indremisjonen T. Steinsland
- 9. des. kl 19.30 Adventsmøte
- 23. okt. kl 15.30 Laurdagsklubben
- 6. nov. kl 15.30 Laurdagsklubben
- 20. nov. kl 15.30 Laurdagsklubben
- 4. nov kl 11.00 Tripp-Trapp



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Døpte:

12.09. Leonora Aakre Nybru
Viljar Hjønnevåg Hansen
03.10. Tuva Larsen Annaniassen

Vigde:

28.08. Marianne Hustveit og Rune Nes

Døde:

08.09. Ragnhild Olaug Ræstad f.1925

IMSLAND OG VIKEBYGD

Ingen kyrkjelege handlingar i denne perioden

SANDEID

Døpte:

19.09. Leo Berge-Olsen
Jørgen Stueland Larsen

Vigde:

21.08. Hilde Kleppe og
Knut-Inge Kvinnnesland

Døde:

20.08. Karl Furseth f.1921
2808. Peder Leite f.1936
03.09. Ingebjørg Vegge f.1934
22.09. Jakob Vegge f.1927

SKJOLD

Døpte:

12.09. Irene Sørhus,
Vilhelm Vik Presterud,
Olav Hamre Hjelmeland

Døde:

27.08. Kristine Dybdahl f.1916
20.09. Hallvard Klungtveit f.1919

VATS

Døpte:

03.10. Brian Sandanger Nygård

Døde:

21.08. Ingvald Wærholm f.1915

13.09. Magne Olav Frøland f.1950

02.10. Eli Stokka f.1921

05.10. Trygve Martinius Helle f.1922

07.10. Sigrid Skrunes f.1923

ØLEN

Døpte:

1.09 Thea Sofie Flatebø
1.09 Brage Roa
1.10 Ingrid Marie Klungland Aaserud
1.10 Sunniva Grindheim Fosse
1.10 Torbjørn Gundersen

Døde:

1.09 Halvard André Lunde f. 1983
22.09 Ole Johan Veim f. 1950

BJOA

Døpte:

1.09 Lisa Sandsgård Schirru

Vågen Bedehus

Oktober

Onsdag 20. - sund. 24.10.: Møteveke,
Magne Austneberg, NLM.
Generasjonssamling på laurdagen (23.10)

Onsdag 27.10.: Bønnemøte

Sundag 31.10.: Sundagsmøte, Per Ølfarnes

November

Onsdag 3.11.: Bønnemøte
Sundag 7.11.: Sundagkafé kl. 16.00
Lundeneskveld på Kyrkjeboka
Onsdag 10.11.: Basar, Norges Samemisjon
Sundag 14.11.: Kveldsgudsteneste på
Lundeneset, NLA-helg på Kyrkjeboka
Onsdag 17.11.: Bønnemøte

Fredag 19.11 -

Sundag 21.11.: Bibelhelg

Onsdag 24.11.: Bønnemøte

Laurdag 27.11.: Julemesse/boksal,

Svein Bjarne Aase

Indremisjonssamskipnaden

Sundag 28.11.: Sundagsmøte

Desember

Onsdag 1.12.: Bønnemøte

Sundag 5.12.: Sundagsmøte, Jens Tveit

Søndagsskule kl. 11:00 annankvar sundag
24.10., 7.11., 21.11., 5.12.

Yngstes annankvar torsdag fra 16.9.

Yngres 5.-7-kl. annakvar torsd. frå 16.9.

Jentelaget 1.-7. kl. annankvar tysd. frå 21.9.

Loftet/KRIK frå 8.kl. Laurdagkveldar

Skulelaget NKSS frå 8. kl.

(kontakt Liv I.H.Medhaug)

Nasjonalt leseår 2010

”Som skrevet står” m/ Svein Tindberg

Tid: Søndag 24. oktober kl 18.00 **Stad:** Skjold kyrkje

Svein Tindberg les, fortel og leikar med tekstar frå Bibelen.

Kulturkafé med sal av kaffi og kaker i etterkant.

Sal av billettar ved inngangen: Pensjonistar kr. 100,- Andre kr. 150,-

Den kulturelle spaserstokken i samarbeid med Skjold sokneråd.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesøndag	Vikedal Prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
24. oktober 22. s.e.pinse Matt 11,25-30	Imsland kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Konfirmantane møter	Skjold kl. 11.00 Familiegudsteneste Nattverd Speidarane deltek Offer: Speidararbeidet Kyrkjekaffi	Ølen kl 16.00 Familiegudsteneste Barnebibel til 4-åringar Offer: Klubben Kyrkjeturnet
31. oktober Bots-og bededag Luk 13,23-30	Vikedal kl. 11.00 Gudsteneste Nattverd Offer: Kirkens Nødhjelp Konfirmantane møter	Vats kl. 11.00 Generasjonsgudsteneste Barnas kyrkjestund Offer: Institutt for sjælesorg Kyrkjekaffi	Ingen gudsteneste
6. november (laurdag)			Ølen kl.16.00 Minnegudsteneste for Ølen, Bjoa og Vikebygd. Offer: Diakoniarbeidet
7. november Allehelgensdag Matt 5, 13-16	Sandeid kl.11.00 Høgmesse Me minnest dei avlidne siste året for Vikedal, Imsland og Sandeid Nattverd Eldregruppa syng Offer: Kyrkjelydsarbeid	Skjold kl.11.00 Allehelgensgudsteneste for Skjold og Vats. Vi minnest dei som er gravlagt siste år. Nattverd Offer: Institutt for sjælesorg	Bjoa kl.11.00 Dåp og nattverd Offer: Kyrkjelydsarbeidet
14. november 25.s.e.pinse Joh 6,37-40	Vikedal kl.11.00 Høgmesse Nattverd Offer: NLM	Vats kl.11.00 Familiegudsteneste Nattverd Speidarane deltek. Offer: Speiderarbeidet Kyrkjekaffi på Kårhus bedehus	Ølen kl 20.00 Ungdomsgudsteneste saman med Lundeneset m.m. Nattverd Offer: Lundeneset
21. november Siste søndag i kyrkjeåret Hebr 3,12-14	Imsland kl.11.00 Høgmesse Offer: Kyrkjelydsarbeid Nattverd Konfirmantane møter	Skjold kl.17.00 G17 gudsteneste Nattverd Søndagsskule Offer: Feedback Kveldsmat	Vikebygd kl 11.00 Nattverd Offer: KIA
28. november 1.søndag i advent Matt 21, 1-9	Vikedal kl.18.00 Ljosmesse Offer: Konfirmantarbeid Konfirmantane tek del	Skjold kl 11.00 Familiegudsteneste Lys Vaken blir med Offer: BU-arbeidet Vats kl.19.00 Lysmesse Konfirmantar Korps Lys Vaken blir med Offer: Kyrkjelyden og korps	Ølen kl 11.00 Familiegudsteneste Lys Vaken Biblar til 5. klasse Offer: IKO
5. desember 2.søndag i advent Luk 21, 25-33	Sandeid kl.18.00 Ljosmesse 4-års bok Offer: Sandeid bedehus Konfirmantane tek del	Skjold kl.19.00 Lysmesse Konfirmantar Korps Offer: Kyrkjelyden og korps	Bjoa kl 11.00 Familiegudsteneste Konfirmantane deltek Offer: Kirkens nødhjelp sitt katastrofearbeid i Pakistan.

Hyrdingen på Internett

Redaksjonen i Hyrdingen har teke et steg vidare med registrering av domenet:

'hyrdingen.no' på internett. Her er tanken å gjera det mogeleg også å lasta ned og lesa Hyrdingen på din eigen pc. Kjekt for dei som bur langt borte eller er på reise. Kanskje studentar eller andre som vil halda kontakt med heimbygda.

Men framleis skal Hyrdingen koma i postkassen til alle i kommunen. For å lesa bladet på internett skriv du berre inn: hyrdingen.no – så er du der.

Du kan også lesa kunngjeringar om møter mm. på:

www.kyrkjeturnet.no www.vaagenbedehus.no kyrkja.vikebygd.org



Bjoa sokn hausten -10

Innbjoa bedehus:

- Bedehusmøter på onsd. i partalsv. kl. 19.30
- Bønn/samtale/songkveld på onsd. kl. 19.30
- Credo for 5.-7.kl.på torsd.i partalsv. kl. 18-20
- Filmkveldar for 8.-10.kl. Ikkje bestemt dato.

Bjoa kyrkje:

- Salmekveld av gruppa "Balsam" frå Etne 24.10
- Øving for barnekoret torsdag i partalsveker kl. 18-19

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 2. des. Stoff kan sendast til Hyrdingen, Rådhuset, 5580 Ølen. E-post: hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no

Frist for innlevering av stoff: 13. nov.

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)